

# *Idrettsdag*

Onsdag 19. juni skal me ha idrettsdag på Sletta stadion med ulike aktivitetar. Dagen vert avslutta med fotballfinalen. Elevane møter på skulen til vanleg tid. Me går gjennom skogen til idrettsbana –me køyrer tilbake i privatbilar. Elevane må vera kledd etter veret og gjerne ha med eigne sko til dei ulike idrettsaktivitetane. Dei som skal spela fotballfinalen kan ta med fotballske, dersom dei har det, eller andre sko som er bra til å spela fotball med.

Hugs å ta med godt med mat og drikke, det er også lov å ta med t.d. kjeks og saft.

Helsing

personalet ved skulen



(Det er ein del attgløynde klede på skulen, fint om de kan koma innom og sjå om noko tilhøyrer dykk).